



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Sirdal Sokneråd**

Kyrkjerådet  
Pb 799 Sentrum  
0106 OSLO

Postboks 133  
4441 TONSTAD  
Tlf: 38 37 16 00  
Faks: 38 37 16 01

Tonstad 30.04.2015  
Vår sakshandsamar: HHJ  
Vår ref.: 14/00032-004  
Arkivkode: 008

**Høyring om stat - kyrkje**

Vedlagt er Sirdal sokneråd sitt høyringssvar på høyningsnotatet «Veivalg for fremtidig kirkeordning».

Venleg helsing

Henning Huseby Jansen  
Dagleg leiar

Kyrkjessenteret  
Postboks 133  
4441 Tonstad

Telefon: 38 37 16 00  
Telefaks: 38 37 16 01  
E-post: [post@sirdal.kyrkja.no](mailto:post@sirdal.kyrkja.no)

Bankgiro: 3132.07.05781  
Org.nr.: 0097 699 3098  
<http://www.sirdal.kyrkja.no>

# **«Veivalg for framtidig kirkeordning»**

Høyringsfråsegn frå Sirdal sokneråd april 2015.

## **Først nokre hovedsynspunkt:**

- 1) Det er eit poeng å ikkje endre meir enn naudsynt. Samstundes må ein gjere dei endringane som må gjerast utfrå erfaringane med ny kyrkjelov av 1996. Ein må justere og dra i rett retning det som ikkje har fungert.
- 2) Uansett korleis ordningane blir, må ein bevare «Embete og råd»-strukturen. Endringane må ikkje endre den grunnleggjande ordninga ein har hatt mellom embete og råd. Til dømes gjeld dette biskopane sin plass i høve til andre sentralkyrkjelege organ.
- 3) Det er ikkje nausynt med felles ordning overalt. Det bør vere høve til ulike lokale variantar som likevel ivaretak einskap og fellesskap i Dnk.
- 4) Soknet bør framleis vere det grunnleggjande organet i kyrkja, og ordningane må bidra til å styrke soknet sin plass. Dette må få organisatoriske konsekvensar. Ein må unngå ei tyngdeforskyvning frå det lokale mot det sentrale.

## **Spørsmål 1**

Prinsipielt ønskjer vi at mest mogleg skal foregå lokalt, samstundes som ein ser at det mange stader er ei utfording å ha naudsynt lokal kompetanse i alle spørsmål. Går difor inn for same standpunkt som fleirtalet i Kyrkjerådet.

## **Spørsmål 2**

Ja

## **Spørsmål 3**

Livssynsavgift. Dette vil sikre både ei enklast mogleg ordning, og vere mest rettferdig for alle innbyggjarar.

## **Spørsmål 4**

Dette er i stor grad avhengig av lokale forhold. Ein må sjå kva som er tenlig lokalt. Her spelar både geografi, soknestorleik og anna inn.

Ein bør overføre deler av ansvaret og oppgaver frå BDR nedover i systemet. Frigjere administrasjon på BD-nivå.

## **Spørsmål 5**

Nei, i hovudsak ikkje. Bortsett frå at ein bør fråvike normen med kun ei kyrkje pr sokn. Dersom normen om ei kyrkje per sokn skal gjennomførast, vil det t d seie at Sirdal sokn med sine fire kyrkjer må delast opp i fire sokn. Det ville vore meiningslaust ut frå både demografi og geografi.

## **Spørsmål 6**

Ja, vi meiner det. Men ein må vere oppmerksam på at ikkje fellesrådet får for stor tyngde. Kan hende soknerådet bør overta nokre av fellesrådet sine oppgåver, som t d alt planarbeid som ikkje direkte går på økonomi, kyrkjebyggforvaltning eller gravplass. Jfr. spørsmål 8.

## **Spørsmål 7**

På kommunalt eller interkommunalt nivå. Bispedømmet som fellesorgan verkar sentraliserande og byråkratiserande, og vanskeleggjer communal finansiering.

*Evnt: Kan tenkast at prostinivå også ville vore ei god løysing.*

## **Spørsmål 8**

Bør vurdere endringar som gjer at soknerådet får større tyngde, t d i høve til ressursfordeling. FR må ikkje bli eit sjølvstendig frittståande organ. Soknerådet må ha større styring med det som skjer, jfr spørsmål 6.

## **Spørsmål 9**

Ein støtter mindretallet i Kyrkjerådet sitt syn, nemlig at prestetenesten framleis bør ha ein eigen styrings- og leiingsstruktur. Ein ønskjer å ivareta den linja som har vore.

## **Spørsmål 10**

Dette er eit svært omfattande spørsmål, og det kan løysast på ulike måter ulike stader. Det må vere opning for at soknepresten **kan** ha rolla som dagleg leiar, men ikkje nødvendigvis treng å vere det. Dersom soknepresten er dagleg leiar, bør det i tillegg vere ein annan tilsett med ansvar for økonomi, administrasjon og andre oppgåver som med fordel kan delegerast. Soknerådet bør kunne avgjere kven som skal vere dagleg leiar i kyrkjelyden ut frå dei behova som finns, personlege føresetnader hos dei tilsette og kva desse sjølv ønskjer.

## **Spørsmål 11**

I hovudsak videreføres som no, i alle fall ikkje svekke biskopen si rolle. Biskopen bør også kunne føre tilsyn med tilsette i andre vigsla stillinger, utan å ha arbeidsgiveransvar.

## **Spørsmål 12**

Som no i høve til prestar.

I høve til andre vigsla stillinger må biskopen ha naudsynt verktøy til å føre tilsyn utan å ha arbeidsgjevaransvar.

## **Spørsmål 13**

Dagens ordning førast vidare, der prosessen med å tilsetje biskop er ein kombinasjon av ei rådgjevande avstemning og tilsetjing i Kyrkjerådet.

## **Spørsmål 14**

Ein støtter fleirtalet i Kyrkjerådet i dette spørsmålet, jfr pkt A.

**Spørsmål 16**

Nei, det er ikkje naudsynt. Det finns også andre arbeidsplasser der tilsette har ulik arbeidsgjevar (t.d. NAV), og der ein skal jobbe saman mot same mål og visjon.

**Spørsmål 17**

Ein støtter her mindretalet i Kyrkjerådet som går inn for at dagens delte organisering med arbeidsgjevaransvaret førast vidare med dei endringar og justeringar som er naudsynte for ein større grad av samordning. Det inkluderer ei styrka rolle for soknet i høve til tilsetjing av prest, tilsetjing av alle vigsla stillingar i bispedømerådet og at det blir etablert ei ordning for felles eller samordna dagleg leiing lokalt.

**Spørsmål 18**

I svært liten eller ingen grad.

**Spørsmål 19**

Det er viktig å ivareta dette ved mellom anna å vidareføre tilsynet frå biskopen.

Det er også viktig å vidareføre linja med embete og råd både lokalt og på bispedømeplan. Ein må sikre samordna og godt samarbeid lokalt. Det må lagast tydelege ordningar som ivaretak dette på lokalt plan.

**Spørsmål 20**

Viktig rolle som kyrkja sitt øvste representative organ. Må framleis fastsetje liturgiar og interne regler/prioriteringar.

**Spørsmål 22**

Ein går inn for framleggelsen til Kyrkjerådet sitt mindretal som legg til grunn at Bispekonferansen er ansvarleg for førebuing og oppfølging samt kjem med innstilling i lære- og liturgisaker overfor Kyrkjemøtet.

**Spørsmål 23**

Det er betre og meir naturleg at preses har denne rolla, enn at Kyrkjerådet eller eit anna sentralkyrkjeleg organ har det.

**Spørsmål 25**

Lærenemnda førast vidare som i dag. Viktig i ei luthersk kyrkje at også lekfolk har ei rolle i lærespørsmål, sjølv om det er eit lite mindretal.

**Spørsmål 27**

Ungdom er godt ivaretatt i dagens ordning. Bør difor vidareførast.